

Stordalshammaren Hyttelag

v/ Sveinung Leirnes

28.6. -16

Masfjorden kommune

v/Roald Kvingedal

Vedr. tilkomstveg til Stordalshammaren hyttefelt, ArkivsakID 15/75

Viser til tidlegere tlf. samtaler og mailer ifbm. tilkomstvegen til Stordalshammaren hyttefelt.

Hyttelaget er noko forundra over at kommunen ikkje føretek seg noko vesentleg i denne saka,

Det faktiske forhold er at det er påvist betydelege avvik på bygd veg ifht. godkjend reguleringsplan. Dette har vore kjend hos kommunen sidan januar 2016. Kommunen har rett nok etter dette bede Stordalen Tomteselskap AS om ei redegjøring for påviste avvik, -og svaret til kommunen fra Stordalen Tomteselskap AS viste til at det ville bli ei «forhandling» med hyttestyret om deling av kostnadene med ei evtuell utbetring av vegen. Vi er og kjende med at kommunen etter purring frå oss no har purra tomteselskapet på ei tilbakemelding –den har truleg så langt uteblitt.

Det forundrar oss at kommunen kan legge ei så alvorlig sak «på vent» -i påvente av eit svar frå ein utbygger som ikkje svarer.

Status no er at «forhandlingane» med hyttestyret er avslutta, -hyttelaget har avvist å delta i kostnadene med å utbetre den aktuelle vegenfor å halde krava ift. godkjend reguleringsplan.

Hyttestyret ser dette som ei sak mellom Masfjorden kommunen og Stordalen Tomteselskap AS og vi forventar at kommunen no prioriterer denne saken og syter for at det vert gitt pålegg til tomteselskapet om utbetring av påviste avvik, med frist for ferdigstilling hausten 2016

Vi er kjende med at Stordalen Tomteselskap AS no vil søkje kommunen om godkjenning av tilkomstvegen til Stordalshammaren hyttefelt slik den no er bygd, -ber om kommunen si tilbakemelding på om de kan godkjenne vegen slik den no er bygd.

Vi forventar at kommunen gir Stordalen Tomteselskap As pålegg om å utbetre vegen, til minimum å halde stigningsforhold gitt i godkjend reguleringsplan.

Vedlegg:

Brev fra Stordalen Tomteselskap AS pr. 22.06.2016

Svarbrev fra hyttestyret pr. 29.06.2016

Med vennlig hilsen

Sveinung Leirnes

Formann i hyttestyret